

Visitasforedrag på visitas i Sveio 15. september 2024

Kjære kyrkjelydane i Sveio og Valestrand og Førde!

Takk for fine visitasdagar. Saman har vi fått feira jubileum og delt flotte opplevingar. Kulturvelden i Valestrand kulturkyrkje med markering av 20-årsjubileet var flott. Det er imponerande korleis de samlar gode kulturkrefter i bygda og skaper eit fellesskap ut over dei tradisjonelle kyrkjelege samlingane. I Valestrand kulturkyrkje er dørstokken låg og kvelvingane høge. Med medvit og age får ulike kulturuttrykk rom, og mange kan kjenne at dette er ein stad ein kjänner seg heime, kjänner seg utfordra, kjänner seg rik.

Det var ikkje mindre imponerande å få vera del av tiårsjubileet for Gjenbruksløa og få møta ein del av dei frivillige som har lagt ned tusenvis av arbeidstimar for å gjera det til den suksessen det er i dag. De har skapt ein god stad for frivillig teneste, meiningsfullt arbeid og gode fellesskap. Og det er imponerande å høyre kor mykje midlar arbeidet har framskaffa; midlar som har gått til realiseringa av soknehuset her og andre gode tiltak i kyrkja og for bygda. No har de også bestemt at kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt skal støttast med midlar frå Løa. De har og gjort vedtak om å støtta prosjektstillinga i diakoni under føresetnad av at kommunen gjer det same. Det er flott, og ein god konsekvens av arbeidet.

Noko eg særleg tar med meg frå desse dagane, er alle dei gode relasjonane de har til samarbeidspartnarane, til kulturen, til lag og organisasjonar, til skulane, til kommunen, til helse og omsorgssektoren. Ja, eg vil seie at Sveio på ein førebiletleg måte syner korleis eit lokalsamfunn må vere tufta på samhandling og gode relasjonar mellom oss for å vere ein god stad å bu. Det har eg hørt og sett då me møtte kommunen til gode samtalar, då eg møtte alle elevane på Sveio skule og fekk snakka med lærarane etterpå. Det såg eg på Sveio omsorgssenter då vi var samla til andakt og kyrkjekaffi. Og ikkje minst har eg sett det i møta eg har hatt med dei dyktige medarbeidarane i staben i kyrkja.

Etter desse dagane kjenner eg kommunen litt betre og veit litt meir om utfordringar, gleder og gåver de har. Naturen med rike ressursar er til velsigning, men minner også om kreftene som både gjev og tar. Eg har vore på Ryvarden fyr, og i samband med at det i november er 25 år sidan Sleipnerulukka skjedde i farvatnet utanfor kysten her, fekk eg tenne lys ved minnesmerket saman med ordføraren. I Valestrand budde og arbeidde ein av Noregs største komponistar, Fartein Valen, og vi fekk gjere eit besøk i Valenheimen.

Og ikkje minst, eg må fortelja, har eg fått lov til å køyra hjullastar og gravemaskin då me var på bedriftsbesøk hos entreprenør Birkeland på Ekrene. Stabile arbeidsplassar er avgjerande for at folk vil busetje seg og bli buande i kommunen. Det var eit godt møte med leiinga ved det som er Sveios største arbeidsgjever ved sidan av kommunen.

Me har brukt visitasen som eit høve til å samla alle kyrkjelege tilsette og sokneråda i Sunnhordland prosti her i Soknehuset til ein prostidag. Det er viktig, for me er den same kyrkja og må arbeida saman uansett kva stilling me har, kyrkjetenar eller kyrkjeverje eller prest. I visitasane framover vil ei slik samling vere ein fast post på programmet, som vonleg også vil gjere at vi kjenner at vi er saman om det viktige arbeidet i kyrkja, både lokalt og i prostiet. Tema for samtalene denne gongen var «Samarbeid og fellesskap mellom dei kyrkjeleg tilsette lokalt» og «Arbeid med mål og strategi for kyrkja lokalt».

På fredag hadde me ein god strategisk samtale med sokneråda på samrådingsmøte der me gjekk gjennom ein god visitasrapport og stansa opp ved det som er gleder og utfordringar i arbeidet i kyrkjelyden.

Etter ein visitas skal biskopen oppsummera sine inntrykk i dette visitasforedraget, som er blitt til i samarbeid med kyrkjefagsjef Tore Skjæveland og etter samtale med prost Svein Arne Theodorsen.

- **Gudstenesteliv.** Gudstenestene er sjølve pulsslaget i kyrkjelyden sitt liv. Det er samlinga om ord og sakrament; det er staden der Guds ord blir forkynt og vi får del i dåpens gave og nattverdens fellesskap. Mange stader har det vist seg utfordrande å kome attende til

oppmøtet om gudstenestene slik det var før åra med pandemi. Slik er det også i kyrkjelydane her i Sveio. Sokneråda har starta gode samtaler om korleis ein kan arbeide for at fleire vil kome til gudsteneste og ha dette som ein fast del av veka sin rytme. For at det skal skje, må ein tenke strategisk – til dømes om kven ein involverer i gudstenestene; kven som kanskje får ein særleg invitasjon til å kome, og kva for målgrupper ein vil nå. Sidan pandemien har ein arbeida godt med å tilrettelege for streaming av gudstenestene, både til dei som bur på Omsorgsheimen og via Facebook og Youtube-kanalar. No er det gjort ei ny investering i utstyr, og ein vil halde fram med å gjere gudstenestene tilgjengelege også for dei som ikkje er til stades i kyrkjerommet.

- **Kyrkjemusikalsk verksemd.** For mange er musikken ein inngang til deltaking i kyrkjelyden og at ein kjenner seg heime her. Det er rike tradisjonar og framleis god oppslutning om barnekorarbeidet i Sveio. To kantorar i deltidssstillingar gjer ein god jobb for at musikken skal ha ein tydeleg plass med god kvalitet. Den eine stillinga er det no ein pensjonert vikar som har. Ein ynskjer a arbeide med å få den lyst ut som fast.
- **Kultur.** Etableringa av Valestrand kulturkyrkje har vist seg å vere eit godt grep for å oppretthalde verksemd i denne kyrkja. Oppretting av kulturutvalet her; eit mangfaldig program og medvite tenking om arbeidet var eit strategisk viktig val. I alle kyrkjene er det godt samarbeid mellom kyrkja sine eigne musikalske krefter og kulturlivet i bygda.
- **Diakoni.** Diakonien er kyrkja si omsorgsteneste. Kyrkjelyden har eit diakoniutval, og no er tida komen for å etablere ei stilling som diakon/diakoniarbeidar. Stillinga er tenkt som eit spleiselag med kommunen, og skal ha Fellesrådet som arbeidsgjevar. Det er gjort eit godt arbeid med å tenke ut kva for område diakonen skal arbeide med; særleg har ein sett på behovet for besöksteneste til heimebuande eldre. Diakonen kan ikkje stå for dette åleine. Ei viktig oppgåve vil difor vere å få til ei frivilligteneste. Fordi kommunen går inn med midlar til stillinga, vil ein også arbeide nært med andre aktørar i dette.

- **Kyrkjeleg undervisning.** Kyrkjelydspedagogane arbeider godt. Når ei stilling snart blir ledig fordi den ein kyrkjelydspedagogen går av med pensjon, vil ein lyse ut med noko auka stillingsprosent. Det er ein god plan for den kyrkjelege undervisninga for alle døypte frå 0-18 år. Ein må heile tida arbeide med å oppretthalde oppslutning om tiltaka. Og det er ei utfordring å få med ungdomane etter konfirmasjonstida, men der har de og tilbod.
- **Misjon.** Det er i inneverande år inngått misjonsavtale med NMS og organisasjonen CLAAS, Center for Legar Aid Assistance & Settlement som driv menneskerettsarbeid i Pakistan. Til prosjektet skal Gjenbruksløa stå for ein sum på kr 200 000,- pr år. Og ein skal samle inn pengar i kyrkjelyden. Misjonsprosjektet vil få fokus i ulike samlingar i kyrkjelyden.
- **Kyrkjebygga.** Kyrkjehusa i Sveio er i god stand. Det er utført regelmessig vedlikehald, og det er kort veg frå henvending til kommunen til ein får midlar til det ein ser trengst av oppussing.
- **Universell utforming.** Kyrkjene er gamle og fine, men var ikkje alltid laga med tanke på rørslehemma, det må vår generasjon ta tak i. Det må arbeidast med å legge til rette for universell tilgjengelighet i alle kyrkjene, slik lova pålegg.

Takk til kommunen

Eg vil takka kommunen for ein god dialog og gode møte med ordførar og rådmann. Eg set pris på at ordførar og varaordførar har prioritert å vera med på mange møtepunkt i visitasen. Eg vil takka for at de ser kva kyrkja kan bidra med i lokalsamfunnet og er innstilt på å gå vidare med saka om eit samarbeid om ein diakonstilling. Takk for at de ser både vedlikehaldsbehov og at de har vore med på å realisera dette soknehuset.

Takk

Til slutt vil eg takka alle som har vore med å gjera dette til ein flott visitas med mange gode opplevingar. Eg vil takka prestane, soknerådsleiarane, kyrkjeverja og alle dei i staben som har vore med å skrive visitasmeldinga,

som inneheld mykje god informasjon. Takk til staben og alle frivillige for god tilrettelegging. Takk også til prost Svein Arne Theodorsen som har vore med å planlegga og gjennomføra sin siste og min fyrste visitas, og som er biskopens utstreckte arm til sokna i Sveio når biskopen ikkje er her.

Og til slutt nokre utfordringar til dykk, som oppsummerar denne visitasen. Og om eit halvt år vil eg ha ein rapport om korleis de har arbeidd med dette:

- Lag gudstenester med kvalitet og variasjon som legg til rette for alle aldersgrupper. Hald fram med streaming og overføring av gudstenesta til omsorgssenteret og til alle som ikkje har høve til å koma. Gå til gudsteneste regelmessig, både for dykker eiga skuld og for å gje Guds ære.
- Opna kyrkjehusa for alle. Arbeid vidare med universell utforming.
- Og sist, men ikkje minst: Diakonstillinga er innan rekkevidde. De må stå på saman med gode samarbeidspartnarar i kommunen for å få den i hamn.

Og med desse utfordringane takkar eg for meg og reiser frå Sveio med mange flotte inntrykk. Eg vil bere dykk alle og desse dagane i hjartet, og ynskjer Guds signing over folket og kyrkjene i Sveio og Valestrand og Førde.

Bjørgvin bispestol, 15. september 2024

Ragnhild Jepsen